

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemmene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte

Onsdag, 13.11.2019 kl. 14.00, f-salen, kommunehuset

SAKLISTE:

- Sak 17/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 21.08.2019.
- Sak 18/19 - Oppgåver for kontrollutvalet. Oversikt over sakstypar, årshjul og generell informasjon om arbeidet i kontrollutvalet.
- Sak 19/19 - Orientering om forenkla etterlevingskontroll v/revisor Anne Nygård.
- Sak 20/19 - Overordna revisjonsstrategi 2019 for Sykkylven kommune.
- Sak 21/19 - Møteplan for Sykkylven kontrollutval 2020.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksiks.no.

Leonhard Vårdal
leiar
(sign.)

Sak 17/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 21.08.2019

KONTROLLUTVALET I SYKKYLVEN KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 21.08.2019, kl.14.00
Møtestad: F-salen, rådhuset.
Møtet vart leia av: Rolf Bergmann

Elles til stades:

Karen Elise Matheson, Roger Welle, Torill Velle og Ståle Eikrem

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal og juridisk rådgjevar Kjetil Kvammen.

Ordførar Odd Jostein Drotninghaug deltok på møtet.

Frå Kommunerevisjon 3 møtte oppdragsrevisor Anne Nygård og revisor Svein Ove Otterlei.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling. Saklista vart godkjend og sekretariatet meldte inn ei sak under eventuelt.

Sak 13/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 15.05.2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak om møteboka:

Møteboka frå møte 15. mai 2019 blir godkjent.

Sak 14/19 - Vurdering av revisors uavhengigheit.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 14. august 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet i Sykkylven kommune tek revisors vurdering av uavhengigheit til vitande.

Sak 15/19 - Oppdatering av reglement for Sykkylven kontrollutval.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 14. august 2019

Innstilling frå kontrollutvalsekretariatet:

Innstilling til kommunestyret:

Sykkylven kommunestyre godkjenner utkast til oppdatert reglement for kontrollutvalet.

Fylgjande endringsforslag til reglementet blei foreslått og røysta over:

1. Leiar Rolf Bergmann fremma fylgjande endringsforslag:

I punkt 3.2 i foreslåtte reglement skal det førast inn: *Dette skal tilbakemeldast til avsendar.*

Forslaget frå Rolf Bergmann fall mot 3 røyster og blei ikkje vedtatt.

2. Nestleiar Ståle Eikrem fremma fylgjande endringsforslag til siste avsnitt i punkt 3.2

Utvalet skal ta i mot og behandle informasjon frå innbyggjarar eller andre aktørar som meiner dei har ei sak som bør undersøkast av kontrollutvalet.

Forslaget frå nestleiar Ståle Eikrem blei vedtatt mot 2 røyster.

Endringane blir ført inn i vedlagte forslag til reglement som går vidare som innstilling til Sykkylven kommunestyre.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 14. august 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Sykkylven kontrollutval tek revisjonsrapporten 2018 til vitande.

Eventuelt:

Sekretariatet gav ei orientering om ein førespurnad frå PC Support til leiaren i kontrollutvalet. Dette omhandla fleire høve knytt til tredjepartstilgang i fibernett, prissetjing av linjer og infrastruktur og bruk av offentleg stønad for å byggje regionalt monopol.

Sekretariatet har i samråd med kommunerevisjonen konkludert med at desse problemstillingane som blir framført ligg utanfor den kompetanse som ligg til kontrollutvalet.

Møtet var slutt kl. 15.35

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

Ståle Eikrem
nestleiar
(sign.)

Roger Welle
medlem
(sign.)

Karen Elise Matheson
medlem
(sign.)

Torill Velle
medlem
(sign.)

Sak 18/19 - Oppgaver for kontrollutvalet. Oversikt over sakstypar, årshjul og generell informasjon om arbeidet i kontrollutvalet.

1. Innleiing

Ordninga med at kommunar vart pliktig til å oppnemne egne kontrollutval, vart innført med kommunelova i 1992 (lov 25.september 1992 nr 107 om kommuner og fylkeskommuner). Tidlegare hadde denne funksjonen med tilsyn og kontroll med kommunane vore plassert hjå formannskapet og eksterne organ, som fylkesmannen. Sistnemnte har, slik som andre eksterne kontrollorgan framleis ein del kontroll- og tilsynsoppgåver med kommunane, men ikkje i same omfang som tidlegare.

Det vart i samband med forarbeida til kommunelova (Ot.prp. nr. 42 (1991-1992)) lagt betydeleg vekt på kontrollfunksjonen som kontrollutvalet skulle ha. Føresetnadene var på den eine sida at kommunestyret/fylkestinget skal trekkje opp meir overordna og langsiktige retningslinjer for den kommunale/fylkeskommunale verksemda, samt at dei på den andre sida skal kontrollere at desse vert følgt opp i praksis.

Ved lovendringa i 2003 var hovudfokuset på at kontrollutvalet skulle få ei meir aktiv og uavhengig rolle overfor kommunen samt dei som var ansvarlig for revisjon av kommunens verksemd. Ved lovendringa vart det eit nytt kapittel 12 som omhandlar internt tilsyn og kontroll, samt revisjon. Kapitlet erstatta den tidlegare § 60.

Ny kommunelov blei vedtatt av Stortinget i juni 2019 og tredde i kraft frå konstituerande kommunestyremøte hausten 2019. Lova forsterkar kommunane sin eigenkontroll. Proposisjon 46 L (forslag til lovvedtak) gir ei grundig innføring i mange problemstillingar og grunnleggjend lovgiingar sine forslag.

Hovudsiktemålet for kontrollutvalet sitt arbeid er gjennom sitt løpande tilsyn og etterfølgjande kontroll med kommunal verksemd, i størst mogleg grad å vere med på å sikre at kommunens verksemd er i tråd med gjeldande lover og regelverk, samt skape tillit til den kommunale forvaltninga av fellesskapets ressursar på vegne av kommunens innbyggjarar.

2. Avgrensing

I det vidare ønskjer ein i hovudsak å framstille ei oversikt over saksbehandlinga i kontrollutvalet, herunder ei oversikt over saker fordelt på tre hovudkategoriar: Saker kontrollutvalet skal behandle, saker kontrollutvalet bør behandle, samt saker som elles kan takast opp til behandling. Ein vil samstundes prøve å lage ei oversikt over saker som blir behandla kvart kalenderår samt saksbehandlinga av desse, med tillegg av saker som elles kan komme opp og der det finst vedtekne prosedyrar for saksbehandlinga.

3. Heimelsgrunnlag

Kontrollutvalet si saksbehandling er heimla i kommunelova §§ 23 - 1 - 23 - 7 samt i forskrift av 27.06.2019 nr. 0614 om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner og forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner (Forskrift om kontrollutvalg og revisjon).

4. Saker til behandling i kontrollutvalet

4.1 Saker som skal behandlast i kontrollutvalet

4.1.1.1 Årsrekneskap

Det følgjer av kommunelova § 23 nr 2 at ”*kontrollutvalget skal påse at kommunens.. regnskaper blir revidert på en betryggende måte.*” Med rekneskap må ein her forstå årsrekneskap. Kva årsrekneskap omfattar og skal innehalde, følgjer av kommunelova § 14-3.

I dei tilfella der kommunen har skilt ut delar av si verksemd i egne føretak som kommunale føretak (KF), er kontrollutvalet pliktig til å behandle desse då dei ikkje er egne rettssubjekt, men ein del av kommunen og saman med rekneskapen til kommunen avspeglar dei den samla verksemda i kommunal regi.

4.1.1.2 Årsmeldingar

Det følgjer av koml. § 14 nr 3 at årsmelding skal føreligge seinast samtidig med årsrekneskapen til kommunen eller dei kommunale føretaka. Årsmelding og årsrekneskap skal samla sett gi eit heilheitleg bilete av den samla verksemda i kommunen i det føregåande året. Dette gjeld og for kommunale føretak.

Herunder ligg og om ønskjeleg utarbeiding av årsmelding for kontrollutvalet. Sjølv om kontrollutvalet fortløpende rapporterer til kommunestyret om resultata av sitt arbeid, jf. koml. § 23 nr 5, ser ein det som naturleg at utvalet også tek ei årleg oppsummering av saker som har vore oppe til behandling i utvalet.

4.1.1.3 Oppfølging av revisjonsmerknader

Det følgjer av kontrollutvalfskrifta § 3 ei plikt for kontrollutvalet å sjå til at eventuelle merknader eller forhold revisor har påpeikt i samband med årsrekneskapen blir følgt opp.

4.1.2 Forvaltningsrevisjon

4.1.2.1 Overordna plan for forvaltningsrevisjon

Koml § 23 - 3 slår fast at kontrollutvalet skal sjå til ”*at det blir gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkningar ut frå kommunestyrets vedtak og forutsetningar*” - forvaltningsrevisjon.

Det følgjer av loven at det blir utarbeidd ein overordna plan for forvaltningsrevisjon minst ein gong i løpet av ein fireårsperiode og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret vart konstituert,

Kva ein forvaltningsrevisjon skal innehalde, følgjer av koml. 23 – 3, 2. ledd.

4.1.2.3 Forvaltningsrevisjonsrapportar

So snart forvaltningsrevisjon er gjennomført, skal kontrollutvalet i samsvar med koml. § 23 – 3, 3. ledd gi rapport til kommunestyret om resultata av denne. Dette samsvarer med revisjonsforskrifta § 4.

4.1.2.4 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak i tilknytning til behandling av forvaltningsrevisjonsrapportar blir følgt opp, jf kontrollutvalsforskrifta § 5. I denne samanhengen skal kontrollutvalet gi rapport til kommunestyret om korleis kommunestyrets merknader til forvaltningsrevisjonsrapporten har blitt følgt opp. Tidlegare saker som etter utvalet si meining ikkje har blitt følgt opp på ein tilfredsstillande måte, er kontrollutvalet pliktig til å rapportere.

Alle forvaltningsrevisjonsrapportar skal systematisk følgjast opp for å sjå til at forvaltninga iverkset tiltak for å rette opp påviste avvik.

Det er kommunens administrative leiing med rådmannen i spissen som har ansvar for oppfølginga av kommunestyrets merknader. I dette ligg at det er administrasjonen sjølv, ikkje kontrollutvalet, som kan fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik i det konkrete tilfellet.

4.1.3 Eigarskapskontroll

4.1.3.1 Plan for eigarskapskontroll

I samsvar med koml § 23 - 2 skal kontrollutvalet ”*påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens interesser i selskaper m.m.*” Det er gitt ein eigen særbestemmelse om selskapskontroll i koml. § 23 - 4.

Minst ein gong i løpet av ein fireårsperiode og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal kontrollutvalet utarbeide ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll. Planen skal basere seg på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering av kommuna sin eigarskap.

Herunder vil det gjerne følgje med ei liste over dei selskapa det er relevant å føreta selskapskontroll av på vegne av kommunestyret.

Kva ein slik eigarskapskontroll skal omfatte, følgjer av koml. §23 - 4.

Eigarskapskontrollen er som med forvaltningsrevisjon, ei bestilling kontrollutvalet gjer. Utføringa av denne kontrollen gjerast av ansvarleg revisor.

4.1.3.3 Rapportering om eigarskapskontroll

Utført eigarskapskontroll skal rapporterast til kontrollutvalet. Utvalet avgjør sjølv korleis rapporteringa skal føregå, samt kva rapporten skal innehalde. Etter eit kontradiktorisk prinsipp, skal eit selskap som er omfatta av eigarskapskontroll og den som utøver kommunens eigarfunksjon, alltid gjevast høve til å gjeve uttrykk for sitt syn på dei forholda som er omtala i rapporten.

4.1.4 Revisjonsplan

Det følgjer av Koml. § 23 - 3 at kommunens verksemd blir gjenstand for forvaltningsrevisjon. I dette ligg utarbeiding av revisjonsplan. Då også revisor er ansvarlig for planlegging, gjennomføring og rapportering av rekneskapsrevisjon for den enkelte kommune, jf. koml. 24 - 2, vil ein revisjonsplan også omhandle rekneskapsrevisjon. I dei tilfelle det skal gjennomførast eigarskapskontroll, bør også dette innarbeidast i planen.

Kontrollutvalet har ei ”bestillarrolle” når det gjeld forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet er pliktig til å sjå til at revisjon blir gjennomført, men at oppdraget for sjølve gjennomføringa blir sett ut til revisjonen. Med tanke på den bestiller – utførar rolla mellom kontrollutvalet og revisjonen, ser ein det som ein naturleg konsekvens at revisjonen også utarbeider revisjonsplana (t.d. plan for forvaltningsrevisjon).

4.1.5 Rapport frå revisjonen

Oppdragsansvarleg revisor skal rapportere tilbake til kontrollutvalet resultatata av sin revisjon og kontroll. Denne rapporteringa kan med fordel gjerast halvårleg.

4.1.6 Anna

4.1.6.1 Vurdering av revisors uavhengigheit

Den som utfører revisjon på vegne av kontrollutvalet, skal løpande vurdere si uavhengigheit. Det følgjer av revisjonsforskrifta § 19 at oppdragsansvarleg revisor kvart år, avgir ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengigheit til kontrollutvalet.

4.1.6.2 Val av revisjonsordning

I dei tilfeller der kommunen vurderer å tilsette egne revisorar, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon (IKS), eller inngå avtale med annan revisor, skal kontrollutvalets innstilling i saka leggest til grunn. Det følgjer av koml. § 24 – 1, første ledd. Kontrollutvalet kan og av eige tiltak føreta ei slik utgreiing og avgi innstilling overfor kommunestyret. Utgreiing av revisjonsordninga kan utførast av kontrollutvalet sitt sekretariatet eller andre eksterne.

4.1.6.3 Val av revisor

Som med punktet ovanfor, skal val av revisor for kommunen skje på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvalet, jfr. koml § 24 – 1, tredje ledd. Kontrollutvalet kan av eige tiltak foreta utgreiing og leggje fram innstilling i saka. Denne saka må sjåast i samanheng med ovanstående punkt.

4.1.6.5 Budsjettbehandling

I samband med den årlege budsjettbehandlinga, skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følgje formannskapetets innstilling til kommunestyret. Det følgjer av kontrollutvalsforskrifta § 2. I revisjonsselskap organisert som IKS er det representantskapet som vedtek budsjettet, jf lov av 29.januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskap § 18.

4.2 Saker som kontrollutvalet bør behandle

4.2.1 Oppfølging av politiske vedtak

I løpet av eit kalenderår vedtek kommunestyret mange saker av ulikt omfang. Det er kommunens administrasjon som skal effektivere desse vedtaka. Då kontrollutvalet utleiar sin kompetanse frå kommunestyret som øvste tilsynsorgan med den kommunale forvaltninga, koml. § 23 - 1 og førestår det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, fell det naturleg at utvalet også krev ei orientering og oversikt over saker som ikkje har blitt iverksett frå administrasjonen si side. Ei ikkje iverksett avgjerd fatta av kommunestyret vil vere å sjå på som i strid med kommunestyrets vedtak og føresetnader.

Kontrollutvalet bør da kunne krevje at administrasjonen legg fram ein oversikt over vedtak som heilt eller delvis ikkje er iverksett, samt ei begrunning frå administrasjonen for denne situasjonen. Kontrollutvalet kan kun krevje å få seg førelagt kva saker det er snakk om, kva saken gjeld og kva forhold som har vanskeleggjort gjennomføringa frå administrasjonen si side. Kompetansen inn i mot korleis administrasjonen vel å iverksette vedtak fatta i folkevalde organ, ligg til den administrative leiinga, med mindre det følgjer av lov eller i medhald av lov, eller kommunestyret har lagt føringar eller vedtekne retningslinjer for korleis slike avgjerder skal iverksettast.

4.2.2 Skatterekneskap

Tidligere vart skatterekneskapen revidert av den lokale revisjonen som ga ei halvårleg revisjonsmelding til kommunen. Denne funksjonen vart 1. juli 2004 overført til Riksrevisjonen. Samtidig opphørde denne tilbakerapporteringa til kommunen. Etter denne dato blir det kun gitt ein årleg kontrollrapport som blir oversendt kommunen.

Kontrollrapporten gir kommunen tilbakemelding på om skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunen blir utført på ein tilfredsstillande måte. Rapporten inneheld og eventuelle forslag til tiltak og forbetringpunkt. Skattedirektoratet stiller ingen krav til formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret/kontrollutvalet, men føreset at kommunen følgjer opp eventuelle tiltak og forbetringar. Vidare blir det frå Skattedirektoratets side forventa at skatteoppkrevjaren oversender skatterekneskapen og kopi av dokumentet til kommunestyret/kontrollutvalet.

4.3 Saker som elles kan bli behandla i kontrollutvalet

4.3.1 Rekneskapsrapportar

I samsvar med budsjettforskriftene skal det leggest fram regnskapsrapportering minst to gongar pr. år utanom årsrekneskapen for kommunestyret. Desse rapportane bør også bli behandla i kontrollutvalet. Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at årsrekneskapen blir lagt fram i tråd med gjeldande regelverk.

4.3.3 Referat og orienteringar

Kontrollutvalet bør få ei tilbakemelding om saker som har vore behandla i dei ulike folkevalde organa i kommunen. Spesielt gjelder det saker kor kontrollutvalet har gitt si fråsegn eller kor saka er utarbeidd med innstilling frå kontrollutvalet. Andre relevante saker kan vere tilbakemelding frå møte kor leiar og eventuelt nestleiar i utvalet har vore med.

4.3.4 Gjennomgang av møtebøker

Kontrollutvalet skal foreta eit løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga. Av den grunn kan det vere praktisk å føreta ein gjennomgang av møtebøker for dei andre folkevalde organa i kommunen. Dette for å sikre at vedtaka er i tråd med formell kompetanse som er gitt og att desse er i samsvar med gjeldande delegeringsreglement, samt lover og forskrifter og sjå til at saksbehandlinga er i tråd med gjeldande regelverk. I hovudsak skal beslutningsprosessane vere i tråd med forvaltningslova, offentleglova og kommunelova sine eigne bestemmelsar. For det tredje gjeld det å sjå til at dei vedtaka som er fatta innhaldsmessig ikkje strir mot gjeldande lov og regelverk.

4.3.5 Møteplan for kontrollutvalet

Kontrollutvalet kan sjølv bestemme seg for om og eventuelt når møte skal fastsettast. Legg ein til grunn dei tidsfristane som gjeld for behandlinga av ulike sakstypar, kan ein ut i frå desse kunne sette opp ein møteplan for kontrollutvalet si verksemd. Dei opplysningane som kjem fram i punkt 5 om tidsfristar for behandling samanhalde med utkast til årshjul, gir kontrollutvalet ein forholdsvis klar oversikt med tanke på kva for saker ein kan forvente å behandle i dei forskjellige møta.

4.3.6 Reglement for kontrollutvalet

Kommunelova § 23 - 2 og § 23 - 7 omhandlar saksbehandling i kontrollutvalet, samt sekretariatet si rolle. Bestemmelsane er ikkje til hinder for at det enkelte kontrollutval kan vedta eigne reglement som utfyller forskrifta. Herunder kan ein avklare

- fullmaktsforhold,
- saksbehandlinga,
- utvalet si samansetting/representasjon i kommunestyret,
- forholdet KU/sekretariat
- forholdet KU/revisjon, samt
- forholdet sekretariat/revisjon

4.3.7 Sentrale styringsverktøy i kommunen

Samtlege kommunar er meir eller mindre pålagt å utarbeide sentrale styringsverktøy for den kommunale verksemda innanfor dei ulike forvaltningsområda.

Det kan vere:

- Økonomireglement
- Delegeringsreglement
- Personalhandbok
- Reglement for godtgjersle og erstatning for tapt arbeidsinntekt til folkevalde

Oppgåva for kontrollutvalet blir å sjå til at desse reglementa er i samsvar med gjeldande lover og regelverk. I samband med revidering og endringar, kan kontrollutvalet komme med eigne fråsegner, slik at dei for ettertida framleis ikkje strir mot anna regelverk som den kommunale forvaltning må forhalde seg til.

4.3.8 Krav til god forvaltningsskikk

Nokre gonger kan det komme enkeltsaker som ikkje er behandla i tråd med gjeldande regelverk. Krav til god forvaltningsskikk er ein ulovfestet rettsleg standard som i den seinare tida i stor grad har blitt lovfesta gjennom ulike prinsipp. Krav til god forvaltningsskikk skal føreligge ved sjølve saksbehandlinga.

5. Tidsfristar for behandlinga

Lover og regelverk samt sentrale styringsverktøy i kommunen fastset spesifikke fristar for når behandlinga av dei ulike sakene skal skje i folkevalde organ. Under følgjer ei oversikt over saker samt når dei skal vere framlagt for behandling.

Årsmelding /årsrekneskap skal bli behandla samtidig og innan 6 månadar etter rekneskapsårets slutt, jfr. Koml §14 – 3, handsaming av økonomiplan, årsrekneskap og årsberetning.

Årsrekneskapen skal avleggast seinast 22. februar og årsmeldinga skal avleggast seinast 31. mars.

Revisjonsmelding skal bli levert av oppdragsansvarleg revisor utan unødig opphald etter at årsrekneskapen er avlagt og seinast 15. april jf. koml. §24 – 8. Det følgjer vidare at revisjonsmelding skal bli levert også der årsrekneskap ikkje føreligg eller er ufullstendig.

Regnskapsrapportane skal behandlast tertialsvis i kommunestyret

- **Regnskapsrapport 1.tertial (pr 30.april) politisk behandling i juni**
- Regnskapsrapport 2.tertial (pr 30.august) politisk behandling i oktober

Ved investeringsprosjekt kan det vere krav om avlegging av **sluttrekneskap** til politisk behandling.

Overordna plan for forvaltningsrevisjon skal rullerast innan ein 4 årsperiode og seinast ved utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg (jf kontrollutvalsforskrifta § 10)

Plan for eigarskapskontroll skal rullerast innan ein 4 årsperiode og seinast ved utgangen av året etter at kommunestyret vart konstituert jf. koml. § 23 – 4.

Oppfølging av politiske vedtak

For at saka skal vere aktuell, bør ho vere framlagt tidleg på året og seinast samstundes med behandlinga av årsrekneskapen for kommunen, dvs innan 1. juli. Dermed vil saka være med på å skape eit heilheitleg bilete av kommunen si verksemd i det føregående året.

6. Rapportering til kommunestyret

Mesteparten av dei sakene som det er gitt oversikt over ovanfor, skal rapporterast vidare til kommunestyret. I dei tilfeller bør saka/sakene vere førelagt kontrollutvalet i god tid og seinast 2 veker før handsaming skal skje i kommunestyret.

I dei saker kontrollutvalet ikkje pliktar å leggje fram saka for kommunestyret i lov eller medhald av lov, vil saka som hovudregel bli sett på som avgjort i kontrollutvalet.

I dei tilfelle ligg det til kontrollutvalet sjølv å vurdere kva dei ynskjer å orientere kommunestyret om.

7. Kontrollutvalet sin innstillingsrett

Som hovudregel er kontrollutvalets innstillingsrett ovanfor kommunestyret eksklusiv. Det inneber at det er kun utvalet som legg fram saka. Kommunens administrasjon skal i samsvar med koml. § 23 – 5 allereie ha fått høve til å få uttalt seg i saka.

Unntaka er i hovudsak innstilling i samband med årsmelding/årsrekneskap for kommunen og kommunale føretak (KF). Her vil kontrollutvalet kun komme med ei fråsegn som vert lagt ved rekneskapen. Det følgjer av kontrollutvalsforskrifta § 7. Denne fråsegna vil i hovudsak basere seg på revisjonsmeldinga gitt av oppdragsansvarleg revisor

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalget med forslag om slikt

v e d t a k:

Kontrollutvalet tek saka til vitande.

Bjørn Tømmerdal
dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Sak 19/19 - Orientering om forenkla etterlevingskontroll v/ revisor Anne Nygård

Bakgrunn:

Revisor har eit sjølvstendig fagleg ansvar for å revidere årsrekneskapen til kommunen i samsvar med lov, føresegner og god kommunal revisjonsskikk.

Rekneskapsrevisjon omfattar kommunen sin årsrekneskap, og dessutan årsrekneskapen i eventuelle kommunale føretak. Årsrekneskapane skal reviderast før dei blir lagde fram for handsaming i kommunestyret. I tillegg til revisjon av årsrekneskapen til kommunen vil også oppgåvene til revisor omfatte ei rekkje attestasjonar, til dømes meirverdiavgiftskompensasjonsoppgåvene til kommunen.

Rekneskapsrevisjonen skal gje revisor grunnlag for å stadfeste at årsrekneskapen er avlagd i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk.

Dette inneber at revisor skal gå gjennom årsrekneskapen og grunnlaget for rekneskapsstala, og undersøkje om årsrekneskapen gjev eit dekkjande bilete av den økonomiske aktiviteten i kommunen.

Kontrollutvalet kan i framkant av rekneskapsåret be om at revisor gjev ei orientering om revisjonsstrategien, revisjonsplanen og dei risikovurderingane planen byggjer på.

Revisjonsplanen vil vere eit naturleg grunnlag for kontrollutvalet si oppfølging i løpet av rekneskapsåret.

Kontrollutvalet bør vere kjent med dei ulike aktivitetane som revisor gjennomfører i samband med rekneskapsrevisjonen.

Forenkla etterlevingskontroll er heimla i ny kommunelov § 24.9. Formålet er å førebygge og avdekke feil som ikkje naturleg vert kontrollert under rekneskapsrevisjonen. For ei nærare utgreiing av dette synast det til vedlagte lysark og presentasjon frå oppdragsrevisor Anne Nygård.

Forslag til vedtak:

Sykkylven kontrollutval tek orienteringa til vitande.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

1 KOMREV3 IKS

Forenkla etterlevingskontroll

Anne Nygård, dato 13.11.2019

2 KOMREV3 IKS

Revisjonens overordna mål

Effektiv og trygg forvaltning av offentlege midlar

Vi skal uttale oss om

- disposisjonar er i samsvar med budsjett
- årsrekneskapen er i samsvar med lover og forskrifter
- årsmeldinga er konsistent med årsrekneskapet
- ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar
- Nytt: forenkla etterlevingskontroll

Utført rekneskapsrevisjon vert stadfesta i revisjonsmeldinga

Forenkla etterlevingskontroll i eigen rapport

3 KOMREV3 IKS

Forenkla etterlevingskontroll

Heimel i ny kommunelov § 24.9.

Formålet er å førebygge/avdekke feil som ikkje naturleg vert kontrollert under rekneskapsrevisjon

Område med størst risiko for vesentlege brot

Vurdering av risiko- og vesentlege brot til kontrollutvalet (KU)

Rapport til KU innan 30. juni

4 KOMREV3 IKS

Komrev3 har tidlegare praktisert forenkla etterlevingskontroll som ein del av revisjonsstrategien i rekneskapsrevisjon


Overordna risikoanalyse før val av forvaltningsrevisjon har anna lovheimel

5 KOMREV3 IKS

Kontrollutvalet

Revisor si vurdering av risiko og vesentleg brot skal leggst fram for kontrollutvalet til **orientering**

Vald område skal vere tydelig avgrensa og det skal vere klart kva som inngår i kontrollhandlingane



7 KOMREV3 IKS

Risiko

Generell risiko for alle kommunar - lovforarbeid

- Etterleving av regelverk for offentlege innkjøp
- Sjølvkost
- Finansforvaltning
- Offentleg støtte
- Tilskot til private barnehagar
- Kontraktoppfølging
- Tilskotsforvaltning
- Gratisprinsippet i skulen

8 KOMREV3 IKS

Risiko på kommunenivå

Risiko Sykkylven
Innkjøp utan budsjett

Sjølvkost er ikkje aktuelt

9 KOMREV3 IKS

Risikokart

Risiko nr	Risikonområde	Risiko for bust	Ekisterende tiltak/ merknad til risikoen	S	K	Risikonivå
01	Offentleg innkjøp	Konkretisert regelverk	Gjennomført kontrakt 2017	1	1	1
02	Innkjøp utan budsjett	Endringsliste i 2018 og 2019	Breita er retta opp	1	1	2
03	Finansforvaltning	Komplekse produkt	Godt finansreglement	1	1	2
04	Offentleg støtte	ØSI-reglar for ubetydlig støtte	God margin på maks støtte	1	1	1
05	Tilskot til private barnehagar	Ingen annan støtteordning	Gjennomført kontrakt 2017	1	1	2
06	Kontraktoppfølging	Ikke kartlagt	Ikke kartlagt	1	1	2
07	Tilskotsforvaltning	Innvilingsundersørgje	God margin innsett og utgift	1	1	1
08	Gratisprinsippet i skulen	Overdrammatikk	Ekstern kontroll (foreldre)	1	1	1



11 KOMREV3 IKS

Val av risikoområde

Revisor vurderer at det vil vere mest relevant å ta forenkla etterlevingskontroll av risiko 6 – **kontraktoppfølging**. På dette området er risikoen i utgangspunktet sett til middels ettersom det ikkje er gjennomført kontrollar tidlegare.

12 KOMREV3 IKS

Avgrensing

Avgrensing:
 Vesentlege vare- og tenestekjøp i Pleie og omsorg
 Risikoområder i oppvekstsektoren – leirskule og skulebøker
 Dei tre største investeringsprosjekta

13 KOMREVIS IKS

Konkret vurdering

Tilnærming frå utgift til kontrakt

Kontrollhandlingar

- Er bokførte utgifter i samsvar med kontrakten
- Er kontrakten gyldig (til døme utgått på dato)
- For rammeavtale: er avrop gjennomført etter reglane
- For investeringsprosjekt: Er kontrakten innafor budsjettamme og er eventuelle endringar lovlege

14 KOMREVIS IKS

Spørsmål?

Sak 20/19 - Overordna revisjonsstrategi 2019 for Sykkylven kommune.

Vedlegg: brev frå Kommunerevisjon 3 datert 18. oktober 2019.

Bakgrunn:

Det er eit krav at revisor skal utarbeide ein plan for korleis revisjonen skal gjennomførast. Revisjonsplanen byggjer på ein overordna revisjonsstrategi som skildrar føremål og omfang på revisjonen, når revisjonen skal utførast og kva angrepsvinkel den skal ha. Revisjonsplanen og -strategien skal byggje på ei risiko- og vesentlegvurdering. Det er mange forhold som inngår i denne vurderinga, mellom anna endringar i oppgåver, tenester og organisering i kommunen, og om eit område har blitt revidert tidlegare år.

Planen vil mellom anna omfatte dei rekneskapsområda og rekneskapspostane som vil inngå i den årlege revisjonen. Einskilde område vil som regel inngå i revisjonsplanen kvart år. Dette gjeld til dømes store inntekts- og utgiftspostar som skattar, rammetilskot, løn og innkjøp. Vidare skildrar revisjonsplanen kva revisjonshandlingar revisor skal utføre innan dei einskilde områda, og tidspunkt for gjennomføring.

Kontrollutvalet kan i framkant av rekneskapsåret be om at revisor gjev ei orientering om revisjonsstrategien, revisjonsplanen og dei risikovurderingane planen byggjer på. Revisjonsplanen vil vere eit naturleg grunnlag for kontrollutvalet si oppfølging i løpet av rekneskapsåret.

Kontrollutvalet bør vere kjent med dei ulike aktivitetane som revisor gjennomfører i samband med rekneskapsrevisjonen.

Sjå vedlagte rapport frå Kommunerevisjon 3 til rådmann og kontrollutvalet, kalla overordna revisjonsstrategi 2019. Rapporten blir lagt fram for utvalet som ei orientering.

Hvis kontrollutvalet ynskjer å kommentere eller ta opp eitt eller fleire høve ved rapporten, står kontrollutvalet fritt til å gjere dette.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak:

Kontrollutvalet framhevar det fokuset som er nemnd i overordna revisjonsstrategi 2019 for Sykkylven kommune, og påpeiker viktigeita av at dette blir teke med vidare.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI – SYKKYLVEN KOMMUNE - 2019

INNLEIING

I Internasjonal revisjonsstandard ISA 300 – Planlegging av revisjon av eit rekneskap, punkt 7, går det fram at:

«Revisor skal utarbeide en overordnet revisjonsstrategi som beskriver revisjonens innhold, når den skal utføres og angrepsmåte, samt gir veiledning for utarbeidelsen av revisjonsplanen».

KARAKTERISTISKE TREKK VED OPPDRAGET

Årsrekneskapen dekkjer kommunen si verksemd. Kommunen har tenester levert av kommunale aksjeselskap og deltek i interkommunale samarbeid/selskap. Desse utarbeider egne rekneskap som blir revidert særskilt.

Det er eit komplekst regelverk som gjeld for alle forvaltningsområda i kommune. Det meste av aktiviteten er regulert i lov- og forskrift, og eventuelle endringar i lovverk, statlege pålegg og liknande vil påverke kommunen. Rammevilkåra er etter vår vurdering ikkje sterkt endra frå 2018 til 2019.

Komrev3 IKS har revidert kommunen over lang tid, og har gjennom dette opparbeidd god kunnskap om oppdraget.

KOMMUNIKASJON OG RAPPORTERING

Komrev3 IKS skal legge vekt på å ha ein god og konstruktiv dialog med kommunen. Gjennom året skal det vere ein kontinuerleg dialog med mellom anna økonomiavdelinga. Ved vesentlege forhold vil ein sikre ein god dialog med rådmannen. Det vert gjennomført eit møte med rådmann og økonomisjef i samband med planlegging av revisjonen.

Revisjonsmelding skal vere avlagt seinast 15.04.2020. Dersom noko blir avdekka jf. revisjonsforskrifta § 4, vil dette bli rapportert utan opphald i nummererte brev til kontrollutvalet med kopi til rådmannen innan fristen for revisjonsmeldinga.

Dersom det elles gjennom den ordinære revisjonen vert avdekka forhold som er av ein slik art at det skal sendast brev, vil dette bli gjort fortløpande. Annan informasjon og rapportering til kontrollutvalet vil bli vurdert kontinuerleg.

REVISJONSTEAM

Revisjonsselskapet har sett til at revisjonsteamet si samansetning bidreg til å sikre at oppdraget blir gjort i samsvar med god kommunal revisjonsskikk.

Arbeidet blir utført av revisjonsteam som er sett saman av:

Oppdragsansvarleg revisor: Anne Nygård

Teammedlemar: Mari Ann Yndestad og Randi Kalvatsvik

Revisjonsteama har tilstrekkeleg kompetanse til å revidere oppdraget. Ved behov vil både dagleg leiar og andre revisorar bli meir involvert i revisjonen av oppdraget. Ved behov for ytterlegare spesialkompetanse vil det bli vurdert særskilt.

VURDERING INNLEIANDE HANDLINGAR

Vår vurdering er at det i all hovudsak er kontinuitet i oppdraget Sykkylven kommune. Kommunen har gjennomført omstillingar, og hadde eit relativt godt økonomisk resultat i 2018. Økonomien har delvis vore regulert gjennom utskriving av eigedomsskatt.

REVISJONSÅRET

Revisjonen blir delt i 3 fasar: Planlegging, interimsrevisjon og årsoppgjørrevisjon.


	Mai	Juni	Juli	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Jan	Feb	Mars	April
Planlegging og start av nytt år												
Interimsrevisjon - testing av rutinar												
Årsoppgjørrevisjon												
Attestasjon momskompensasjon												
Attestasjonar												

OMRÅDE

Ut frå førebelse identifiserte risikoområde, samt rullering av fokusområde, blir det mellom anna sett meir på følgjande i rekneskapsrevisjonsåret 2019 (lista er ikkje uttømande)

- Testing av rutinane for utbetaling av startlån
- Rutinar og reglement for gjelds- og finansforvaltning
- Testing av utskriving av eigedomsskatt, etter endra regelverk og vedtak
- Kartlegging av IT-sikkerheit og informasjonssikkerheit
- Rullerande kontroll av bundne fond

Ålesund, 18. oktober 2019



Kurt Løvøll

konst. dagleg leiar



Anne Nygård

oppdragsansvarleg revisor

Sak 21/19 - Møteplan for Sykkylven kontrollutval 2020.

Bakgrunn:

Det er viktig å sørge for at kontrollutvalet har tilstrekkeleg med møte, slik at utvalet kan utføre og følgje opp dei oppgåver som er naudsynte for å sikre forsvarleg kontroll og tilsyn. Ein bør unngå at det går så lang tid frå eit møte til det neste at sakene som kjem opp mistar sin aktualitet. Sjølv om mindre kommunar handsamar færre saker enn større kommunar, er det likevel faste oppgåver gjennom året og valperioden som gjer det naturleg at kontrollutvalet har eit minimum av møte.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet i Sykkylven kommune vedtar følgande møter for kalenderåret 2020:

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS